



Årgang 19, nummer 4, Desember 2021

HELSE • • • VEST

JULEBREV FRÅ REGIONALT FAGSENTER FOR MEDISINSKE REGISTER

I dette nummeret:

- **Rapporteket - ei resultatløysing som gjer det enklare å nytte registerdata**
- **Strategisk handlingsplan 21-22 - fem satsingsområder**
- **Stemingsrapport frå Helse- og kvalitetsregisterkonferansen 2021**
- **Arbeidet med Helseanalyseplattformen blir sett på pause**
- **Kvalitetsforbetring - Forbetringstudanning og såkornmidlar**

Kontakt Fagsenter for medisinske kvalitetsregistre

E-post:

kvalitetsregistre@helse-vest.no

Heimeside



Rapporteket – ei resultatløysing som gjer det enklare å nytte registerdata

Rapporteket er ei interaktiv resultatløysing på sensitivt nivå for nasjonale medisinske kvalitetsregistre, kor resultata vert løypande oppdatert. Gjennom Rapporteket kan registrerande avdelingar sjå eigne resultat og samanlikne med resten av landet. I Rapporteket kan ein setje opp tabellar og figurer som stadig vert oppdatert med ferske data. Ein kan også lage standardiserte rapporter. Alle innregistrerande einingar kan få tilgang til Rapporteket. For dei fleste register og kliniske fagmiljø vil løysinga gjere det enklare å nytte ferske data og rapportere på kvalitet i behandlinga både nasjonalt og ved einskilde einingar.

I dag er det om lag 11 av dei 52 nasjonale kvalitetsregistera som nyttar Rapporteket. For regis-

tera forankra i Helse Vest har det i 2021 vore fokus på å få på plass nødvendige programvarer slik at Rapporteket kan takast i bruk. Det er forventa at enda fleire register vil kome opp på løysinga i løpet av 2022.

Ynskjer du å vite meir om resultatløysinga til eit register? Ta kontakt med registeradministrasjonen i det aktuelle nasjonale medisinske kvalitetsregisteret. Kontaktinformasjon til dei nasjonale medisinske kvalitetsregistera finn du her: <https://www.kvalitetsregistre.no/registeroversikt>

[Meir om Rapporteket | Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre](#)

Strategisk handlingsplan 2021-2022 for Nasjonalt servicemiljø for nasjonale medisinske kvalitetsregistre - fem satsingsområder

I juni 2021 godkjente det interregionale fagdirektørmøtet ein strategisk handlingsplan for perioden 2021-2023 for arbeidet i Nasjonalt servicemiljø for medisinske nasjonale kvalitetsregistre. Denne skal svare på forventingar til framtidig funksjon og bruk av registera og gir retning for arbeidet i Nasjonalt servicemiljø. Handlingsplanen legg til grunn at dei nasjonale medisinske kvalitetsregistera skal vere eit viktig verkemiddel for å nå sentrale helsepolitiske mål. Fem satsingsområde for perioden vert skildra: 1) Kvalitetsforbetring av helsetenesta 2) Re-

sultatformidling 3) Datakvalitet 4) Automatisert datafangst og harmonisering av variablar og 5) Helsedataprogrammet. Det er fleire andre områder som er viktige, men som ikkje er peika ut som strategiske områder for perioden, mellom anna utvikling av nye kvalitetsregister, brukar-medverknad og bruk av registerdata til forskning.

Ynskjer du å lese meir om handlingsplanen; sjå [Strategisk handlingsplan NSM 2021-2023.pdf \(kvalitetsregistre.no\)](#)





Stemningsrapport frå Helse- og kvalitetsregisterkonferansen 2021

Helse- og kvalitetsregisterkonferansen vart arrangert i Oslo 15. og 16. november med stor deltaking. Konferansen er ein viktig møteplass for medisinske og administrative fagmiljø, samt myndigheter og leiingar med interesse for helseregistre. Tema på årets konferanse var «Tilgjengeliggjering og bruk av helsedata». Tema første dag var «Behov for helsedata under pandemien» og mellom anna heldt Espen Rostrup Nakstad

(Helsedirektoratet) Line Vold (Folkehelseinstituttet) og Eirik Buanes (Norsk intensiv- og pandemiregister) innlegg. Andre tema var «Helsedataprogrammet», «Datafangst på nye måtar», «Bruk og nytte av helsedata» mm.

Det var også ei posterutstilling kor 47 registre presenterte postere. Folkehelseinstituttet vann tevlinga om beste poster under konferansen med «Sykdomspulsen – En

spennende og framtidsrettet infrastruktur og nettside for overvåking av covid-19, andre infeksjoner og dødelighet i sanntid».

Les meir om konferansen her: [Programmet: Helse- og kvalitetsregisterkonferansen 2021 - behov for helsedata under pandemien | Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre](#)
Stemningsrapport: <https://www.kvalitetsregistre.no/artikkel/god-stemning-pa-konferanse>



Foto: Eirik Goksøyr

Arbeidet med Helseanalyseplattformen blir sett på pause

Juridiske utfordringar har ført til at Direktoratet for e-helse har vedteke å setje utviklinga av Helseanalyseplattformen på pause, men arbeidet med forenkling av tilgang til norske helsedata held fram.

Helsedata er blant våre mest sensitive opplysingar, og det er sterkt fokus på å beskytte norske helsedata. Skyleverandøren for analyseplattforma er underlagt amerikansk lovgiving, og kan i ytterste konsekvens bli pålagt å levere ut personopplysningar, også dersom opplysingane ligg på servere lokalisert i Norge. Dette er hovudårsaka til at arbeidet med analyseplattforma blir sett på pause. Sannsynet er lav, men konsekvensen kan vere stor. Direktoratet for e-helse vil no utgreie alternativ til allmenn skyløysing saman med relevante aktørar.

Arbeidet med enklare tilgang til helsedata fortsett uavhengig av avgjerds-la. Helseanalyseplattformen er ein av ni leveranseområder i Helsedata-programmet, og dei andre områda vil fortsette arbeidet. Eit av dei vikti-

gaste punkta er å få overført vedtaksmyndigheit til Helsedataservice for å få god effekt av felles søknads- og saksbehandlingsteneste for søknadar om bruk av helsedata. Helsedataservice vil få ei viktig rolle i saksbehandlinga og det vert bygd opp kompetanse for å kunne gi god rettleiing til forskarar og andre som søker om helsedata. Direktoratet for e-helse vil jobbe vidare med å levere nytte for samfunnet frå dei investeringane som er gjort og dei løysingane som er etablert.

Schrems II-dommen: EU-domstolen avsa 16. juli 2020 ein prinsipiell dom om overføring av personopplysningar til land utanfor EU/EØS. Dommen kan få betydning for fleire digitale løysingar som vert nytta av innbyggjarar, offentlege og private verksemdar (*kjelde: digdir.no*)

Sjå nyheitssak på Direktoratet for e-helse si nettside [Setter arbeidet med Helseanalyseplattformen på pause - e-helse](#)

Kvalitetsforbetring - Forbetringsutdanning og såkornmidlar

Utvikling av kvalitet er eit viktig arbeid som skal gå for seg heile tida og i størst mogleg grad vere integrert i det daglege arbeidet vi gjer. Arbeidet med å redusere pasientskadar, forbetre pasienttryggleikskulturen og bygge varige strukturar for pasienttryggleik er ein sentral del av den [regionale plan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2024](#)

Som ein del av den regionale planen vert det årleg arrangert ei **regional forbetringsutdanning** i regi av Helse Vest som er eit tilbod som tilsette i regionen kan søkje på. Ved å delta på denne utdanninga får ein opplæring i såkalla forbetringsmetodikk. Målet med utdanninga er å setje deltakarane i stand til å starte, leie og gjennomføre forbetringsprosjekt som gjev varig betring av tenestene til det beste for pasientar, pårørande og tilsette.

Neste oppstart er hausten 2022. Søknadsprosessen er i mars-april 2022 og vert offentleggjort på intranettsidene til sjukehusa. Les meir her: [Forbetringsutdanninga i Helse Vest - eit tilbod for alle tilsette - Helse Vest RHF \(helse-vest.no\)](#)

Helse Vest lyser også kvart år ut **såkornmidlar** til lokale initiativ for å stimulere til pasienttrygglei- og forbetringsarbeid i regionen. Formålet med prosjekta skal vere å prøve ut forbetringstiltak i liten skala, før dei eventuelt kan breiddas ut til fleire einingar

Neste søknadsfrist er 21. februar 2022. Les meir her: [Såkornmidlar - Helse Vest RHF \(helse-vest.no\)](#)



Vi på Fagsenteret ynskjer alle ei riktig god jul og godt nyttår!

